



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Småkraft AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Vår dato: 17 DES 2010
Vår ref.: 200706247-16 ki/kima
Arkiv: 312 / 069.3Z
Dykkar dato: 1.6.2007
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Kirsten Marthinsen
22 95 92 34

Småkraft AS – Søknad om løyve til bygging av Kvernhuselva kraftverk i Kvernhuselva, Gulen kommune, Sogn og Fjordane - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 1.6.2007.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til bygging og drift av Kvernhuselva kraftverk med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagte KI - notat 74/2010 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknadene til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld Kvernhuselva kraftverk og tilhøvet dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

NVEs sakshandsamarar når det gjeld godkjenning av detaljplanar for miljø og sikkerheit er Ole Per Schei i Seksjon for miljøtilsyn og Oddvar Indrebø i Seksjon for damsikkerheit. Vi viser elles til NVE sin rettleiing 1/2008 "Veileder for planlegging, bygging og drift av små vassdragsanlegg med konsesjon" som finst på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi framhever at det ikkje må setjast i gong noko anleggsarbeid før planane for arbeida er godkjende av NVE. Vi minner om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Når kraftverket vert sett i drift, skal skjema for melding om idriftsetting av vasskraftverk fyllast ut og sendast til NVE. Skjemaet er tilgjengeleg på NVE sine internettsider.

E-post: nve@nve.no, Internet: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Drammensveien 211
0212 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord
Kongens gate 14-18
Postboks 394
8505 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50


Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50

NVE gjer merksam på at den som ønskjer å starte kraftproduksjon minst ein månad i føreveg skal registrere verksemda i det tolldistriktet der verksemda har sin forretningsstad i samsvar med reglar frå Toll- og avgiftsdirektoratet. Registreringsplikta gjeld for kraftproduksjon i aggregat med generator som har ein merkeyting på 100 kVA eller meir. Kraft produsert i slike anlegg er avgiftspliktig. Årets rettleiar for forbruksavgift på elektrisk kraft finst på www.toll.no. Meir informasjon kan fåast ved å vende dykk til næraste tollstad.

Høvet til energilova

I tillegg til denne konsesjonen etter vassressurslova må ein ha nødvendig løyve etter energilova før utbygginga kan starte. Samstundes med innsending av detaljplanar må det liggja føre ei endeleg avklaring frå netteigar om at det er ledig kapasitet i lokalt og overliggande nett. I tillegg må tilknytning av høgspenitanlegg vere avklara med områdekonsesjonær. NVE vil ikkje godkjenne detaljplanane før dette ligg føre.

Med helsing


Øystein Grundt
seksjonssjef


Kirsten Marthinsen
avdelingsingeniør

Vedlegg: 2 Vassdragskonsesjon for Kvernhuselva kraftverk
KI-notat 74/2010

Kopi: Statens vegvesen Region vest, Postboks 168, 6863 LEIKANGER
 Gulen kommune, 5966 EIVINDVIK
 Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 FØRDE
 Sogn og Fjordane fylkeskommune, 6863 LEIKANGER
 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
 BKK Nett AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN